

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	03.06.2013
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	3-2013

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
13/13	Godkjenning av protokoll frå møte den 15. april 2013
14/13	Kontrollutvalets ansvar og oppgåver - ny gjennomgang
15/13	Orientering om Bjerkreim kommunes tertialrapport pr. 1. tertial 2013
16/13	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjon vedr. "Anskaffelser (Innkjøp)"
17/13	Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2012
18/13	Rekneskapsoversikt 1. tertial 2013 - kontrollutvalet
19/13	Statusoversikt pr. juni 2013

Vennligst meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt. 98806776, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan innkallast.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/møtande varamedlemmer.

27.05.2013

Magne Vaule
Leder av kontrollutvalget

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje underskrift.

13 / 13 Godkjenning av protokoll frå møte den 15. april 2013

Arkivsak-dok. 13/00050-3

Arkivkode. 033

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	03.06.2013	13/13

Protokoll frå møte i kontrollutvalet den 15. april 2013 vert lagt fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møtet den 15. april 2013.

SANDNES, 21.05.2013

Wencke Sissel Olsen

Daglig leder

Vedlegg:

[Protokoll](#)

[Tilbake](#)

14 / 13 Kontrollutvalets ansvar og oppgåver - ny gjennomgang

Arkivsak-dok. 13/00217-1

Arkivkode. 033

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	03.06.2013	14/13

Bakgrunn:

I forbindelse med den generelle opplæringa av kontrollutvalet på første møte, vart det bestemt at kontrollutvalet skulle ha ei ny gjennomgang ca. eitt år etter at det nye utvalet starta opp.

Saksutredning:

Sekretariatet har laga ein presentasjon som grunnlag for ei ny gjennomgang. I tillegg til ei liten oppfrisking ang. kontrollutvalets oppgåver, er det lagt større vekt på roller og fullmakter denne gongen.

Rådmann og ordførar er også invitert til å delta på denne gjennomgangen. Dette er for øvrig ein gjennomgang som tas i alle kommunane etter same modell.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalget i Bjerkreim tar gjennomgangen av kontrollutvalets ansvar og arbeidsoppgåver til orientering.

SANDNES, 23.04.2013

Wencke S: Olsen
sekr.leder

[Tilbake](#)

15 / 13 Orientering om Bjerkreim kommunes tertialrapport pr. 1. tertial 2013

Arkivsak-dok. 13/00137-2

Arkivkode. 212

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	03.06.2013	15/13

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har ein lovfesta rett til å knyta kommentarar til kommunes årsrekneskap før dette vert behandla av formannskap og kommunestyre. Som eit ledd i kontrollutvalets tilsyn med rekneskapet vert derfor tertialrapportane lagt fram for utvalet til orientering.

Det er ikkje kravd i lov og forskrift at kontrollutvalet skal behandla kommunens tertial-rapportar. Kontrollutvalet gir derfor ikkje innstilling til kommunestyret i denne saka, men tar den til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet gis i forbindelse med behandling av årsrekneskapet.

Saksutredning:

Formannskapet i Bjerkreim skal behandle denne saka i møte same dag som kontrollutvalet har sitt møte. Økonomisjefens saksutgreiing til formannskapet ligg derfor ved til orientering.

Rådmannen/økonomisjefen er invitert til møtet for å orientera om tertialrapporten.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet tar Bjerkreim kommunes tertialrapport pr. 1. tertial 2013 til orientering.](#)

SANDNES, 21.05.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Saksutgreiing til formannskapet](#)

[Tilbake](#)

16 / 13 Oppfølging av tidligere forvaltningsrevisjon vedr. "Anskaffelser (Innkjøp)"

Arkivsak-dok. 13/00121-3
Arkivkode. 217
Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	03.06.2013	16/13

Bakgrunn:

Kommunestyret i Bjerkreim behandla forvaltningsrevisjonsrapporten "Anskaffelser" på møte den 19.09.12, og fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret i Bjerkreim tar den framlagde rapporten ang. "Anskaffelsar" til etterretning.

Rapporten vert oversendt rådmannen, som bes om å rapportera til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapportens konklusjonar og anbefalingar er fylgt opp ca. 6 mnd. etter at rapporten er vedtatt i kommunestyret.

Rapportens konklusjonar og anbefalingar var:

Samla sett konkluderte revisor med at dei fleste brota er innafor området anskaffingar mellom 100 – 500 000 kr.. Revisor påpeikte samstundes at det ikkje er fleire brot på regelverket i Bjerkreim enn i andre undersøkte kommunar.

Avslutningsvis anbefalte revisor Bjerkreim kommune å

- Leggja ut oversikt over avtalene på intranett
- Gjere dei enkelte avtalene tilgjengelege
- Auka kompetansen på innkjøp på dei enkelte einingane
- Vurdera behovet for fleire felles avtalar i kommunen

Saksutredning:

Sekretariatet har motteke tilbakemelding av 26.05.13 frå Bjerkreim kommune, sjå vedlegg. Det går her fram at det vil bli gjort endringar i tråd med rapporten sine anbefalingar før sommaren. Det blir og jobba med kurs i innkjøp og regelverk, samt at nye avtalar vert vurdert kontinuerleg. Sjø elles vedlegget for utfyllande informasjon.

Det er gitt tilbakemelding på alle punkta i rapporten. Då tilbakemeldinga i stor grad går på planer og lite på tiltak som er sett i verk, vert det foreslått å ta ein ny gjennomgang på oppfølginga våren 2014.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar administrasjonens tilbakemelding på oppfølging av rapporten "Innkjøp" til orientering.

Kontrollutvalet vil be om ei ny tilbakemelding på oppfølging av rapporten våren 2014.

Saka vert vidaresendt kommunestyret i Bjerkreim til orientering.

SANDNES, 27.05.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Brev av 26.05.13 frå Bjerkreim kommune](#)

[Tilbake](#)

17 / 13 Oppfølging av politiske vedtak 2. halvår 2012

Arkivsak-dok. 13/00055-6

Arkivkode. 033

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	03.06.2013	17/13

Bakgrunn:

Kontrollutvalet ber administrasjonen om å leggja fram ein enkel halvårlig rapport over status på oppfølging av politiske vedtak. Rapporten skal òg leggst fram for kommunestyret.

Saksutredning:

Sekretariatet har mottatt oversikter over de vedtak som er fatta 2. halvår 2012. Det er laga eigne rapportar for levekårsutvalet, LMT-utvalet, formannskapet og kommunestyret.

Når det gjeld *levvekårsutvalet* er alle vedtak gjennomført/ vidaresendt andre for sluttbehandling.

I *LMT-utvalet* er alle saker iverksett eller vidaresend for klagebehandling eller til kommunestyret for endelig vedtak.

Av saker vedtatt i *Formannskapet* i perioden er dei fleste gjennomført/vidaresendt eller under arbeid, sjå kommentarar. Nokre av sakene er framleis under arbeid, dei fleste av desse er vidaresendt eit anna forvaltningsnivå for avgjersle. Status på desse går fram av vedlegget.

For *kommunestyrets* del er dei fleste sakene iverksett eller under arbeid. Saker som ennå ikkje er iverksett er kommentert særskilt.

Det er og lagt fram ei omfattande liste over *ikkje avslutta saker* i 2011/2012, der det går fram av vedlegget kva som er status i sakene pr. rapporteringstidspunktet.

Det er heller ingen uteståande saker i oversikta over saker i *klageutvalet*.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar oversikten over oppfølging av vedtak pr. 2. halvår 2012 til orientering.

Saka vert vidaresendt kommunestyret.

SANDNES, 22.05.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

Oversikter:

- [Kommunestyret](#)
- [Formannskapet](#)
- [Levekårsutvalet](#)
- [LMT-utvalet](#)
- [Klageutvalet](#)
- [Restanseliste](#)

[Tilbake](#)

18 / 13 Rekneskapsoversikt 1. tertial 2013 - kontrollutvalet

Arkivsak-dok. 13/00233-3

Arkivkode. 212

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	03.06.2013	18/13

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har iflg. § 18 i "Forskrift for kontrollutvalg" ansvar for å leggja fram årleg forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det medfører at kontrollutvalet og har eit ansvar for budsjettoppfølging innafor eige budsjett.

Saksutredning:

Forbruk pr. 1. termin ligg gjennomsnittleg på ca. 33%. For revisor sin del vil det vera forskjell i løpet av året, då enkelte periodar er meir arbeidsintensive enn andre. Sekretariatet fakturerer eit fast beløp i 3 terminar.

Rapporten er laga ut frå oversikt frå Bjerkreim kommune pr. 30.04.2013. Revisor har sendt oversikt over medgåtte utgifter 1. termin, sjå vedlegg. Sekretariatet har fakturert 1 av 3 terminar, og skal normalt ligga på gjennomsnittsforkbruket. Meirforbruket her skuldast ei feilføring, då budsjettvedtaket til samarbeidets styre ikkje er lagt inn.

Revisors oversikt viser det som faktisk er fakturert pr. rapporteringsdato. Oversikta viser at forbruket pr. 1. tertial ligg på ca. 52%. Dett er litt høgare enn det som er rapportert frå revisor. Det kan skuldast at utgifter til andre, så som kyrkjeleg fellesråd, er ført i dette rekneskapet, noko som og er feil, då dette ikkje er kontrollutvalets utgifter. Revisor sitt forbruk ligg forholdsvis høgt, sjølv om rekneskapsavslutninga i hovudsak ligg inne i denne perioden. Kontrollutvalet bør sjå nærare på korleis forbruket er pr. 2. tertial, då revisor uttaler at budsjettet er svært stramt.

Utgifter til drift av kontrollutvalet ligg på normalforbruket, ca. 33%.

Samla sett har kontrollutvalet brukt 46,2% av budsjettet pr. 1. termin. Dersom forbruket er like stort etter 2. termin (pr. 31.8.), bør utvalet vurdere å setja inn tiltak/søka kommunestyret om tilleggslyve.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rekneskapsoversikt pr. 1. tertial 2013 til orientering.

SANDNES, 22.05.2013

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Samla rekneskapsoversikt](#)
[Oversikt frå revisor](#)

[Tilbake](#)

19 / 13 Statusoversikt pr. juni 2013

Arkivsak-dok. 13/00051-4

Arkivkode. 217

Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	03.06.2013	19/13

Bakgrunn:

Statusoversikta er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing:

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskeleg å prioritera andre tiltak. Nye plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møtet ligg administrasjonens oppfølging av tidlegare rapport (2012) ang. Innkjøp føre til behandling, sjå eiga sak.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar oversikt over status og prosjekt pr. juni 2013 til orientering.

SANDNES, 21.05.2013

Wencke Sissel Olsen

Daglig leder

Vedlegg:

[Statusoversikt pr. juni 13](#)

[Tilbake](#)